



## RADØY KOMMUNE

Austebygd skule og barnehage,

Slettevegen 870-872, 5939 Sletta

Tlf: 56349145

e-post: [austebygd.skule@radoy.kommune.no](mailto:austebygd.skule@radoy.kommune.no)

Info til heimane ved Austebygd skule og barnehage – april 2018

### **Ny rektor/styrar ved Austebygd frå neste skule- /barnehageår.**

Etter å ha vore ei tid i "tenkeboksen", har eg bestemt meg for at skule- og barnehageåret 17/18 vert siste året mitt som rektor/styrar ved Austebygd skule- og barnehage. Eg likar meg godt i jobben min her, så det har ikkje vore heilt enkelt å koma fram til ei endeleg avgjerd.

Frå hausten av skal heile barnehagepersonalet skulerast i De Utrolige Årene, og dette programmet skal så i åra framover innarbeidast i barnehagen. (Meir informasjon om dette kjem seinare.)

På skulen er ny sentral Læreplan på veg, og denne skal det jobbast mykje med no i forkant.

Eg ser det som ein stor fordel at ein ny rektor og styrar heilt frå starten av vert med på desse nyinnføringane, og har då valgt å slutta no til sommaren, i staden for eit år seinare.

På det personlege planet, ser eg sjølvstøtt også fram til å få meir tid og overskot til familien, og ikkje minst til barnebarna mine.

Ønsker å informera dykk alle om dette no, før rektor- og styrarstillinga blir utlyst.

### **Flott påskekafe – også dette året!**

Tradisjonen tru, vart det også i år eit veldig koseleg arrangement med påskekafe siste skuledagen før påske. Påskekafeen er ein veldig konkret måte å få visa *litt* av det som ligg i visjonen vår:

**ME BRYR OSS..**

Alt me får inn på påskekafeen går direkte til CARF – og Gregory Smith sitt arbeid for gatebarn i Sao Paulo i Brasil. Endeleg resultat i år vart kr.11.524 - eit skikkeleg flott sum å senda til CARF!

**Tusen takk til alle som på ulike måtar var med og bidrog her!**

### **Utbygging av småbarnsavdeling ved Austebygd barnehage.**

Arbeid med å utarbeida skisser til småbarnsavdelinga, med plass til 9 småbarnsplassar, er godt i gang. Arkitektkontoret Norconsult kom før nyttår med eit første utbyggingsframlegg. På dette utkastet tok tilbygget storparten av leikearealet me i dag har mellom barnehagen og skulen. Slik utbygget var plassert, ville det i tillegg lett kunna koma i konflikt med branntryggleiksmessige krav. Arkitektfirmaet vart bedne om å koma med alternative løysingar, og dette har me no fått.

Førstkomanade fredag vert det nytt møte mellom Norconsult, kommunen, skulen og barnehagen, der m.a. det nye framlegget vil bli vurdert. Det er viktig at løysingane me til slutt kjem fram til, gir oss ein god og funksjonell 2-avdelingsbarnehage, men også eit godt og funksjonelt utemiljø – både for barnehageborna og for elevane på skulen! Og det skal me få til!

Austebygd skule og barnehage, 3.april 2018

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
Torunn Tolleshaug Hovden  
rektor/styrar